

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

# Referat

<b>Dato:</b>	Fredag 18.september 2020, kl. 12:00 -15:00
<b>Stad:</b>	Møte var gjennomført som Teams-møte
<b>Til stades:</b>	Tord Moltumyr (Alver), Geir Lien (HB), Terese Folgerø (Alver), Leni Dale (Alver), Kjerstin Fyllingen (HDS), Frøydis Gullbrå (Modalen), Bente Orlien Westervik (Brukarutvalet HB), Per-Ole Eide (Brukarutvalet HDS) Randi-Luise Møgster (HB), Liv Berit Haukås (Fagforbundet), Kim Andre Vangberg (Fedje), Oddvin Neset (Masfjorden), Nina Kvamme (Osterøy), Grete Lill Hjartnes (SSE), Eva Karin Skorpen (NSF), Elena Sandgathe (SSE) og Anne Hildegunn Færøy (SSE). Odd Ivar Øvregård, prosjektleiar Felles Utviklingsplan deltok som observatør i møte
<b>Ikkje møtt:</b>	Peter Kubon (Austrheim), Ingebjørg Søreide (Gulen), Petter Thornam/Rebekka Ljosland (HDS)
<b>Møteleiar:</b>	Tord Moltumyr
<b>Referent:</b>	Elena Sandgathe og Anne Hildegunn Færøy

Saksnr.	Saker
29/20	<p><b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b></p> <p>Det er meldt inn to saker under eventuelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Nasjonalt legemiddellager</li> <li>Pasientreiser - manglande avtaledækning i delar av distriktet.</li> </ol> <p><b>Vedtak:</b> Innkalling og sakliste godkjent utan merknader</p>
30/20	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 19. februar 2020</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Eva Karin Skorpen, NSF merka at ho var utegløymt frå lista med deltakar på møte. SSE rettar dette i referatet. Utover det er referatet godkjent utan merknader.</p>
31/20	<p><b>Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa</b></p> <p>Randi-Luise Møgster gav ei god orientering frå koordineringsgruppa sitt arbeid dei siste månadene. <i>Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa</i> er lagt til grunn for dette samarbeidet, og skal bidra til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi, samt sikre klare ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom partane. Terese Folgerø, Alver og Ingebjørg Søreide, Gulen er kommunane i NH sine representantar i koordineringsgruppa.</p> <p>I dag vert det arbeidd med å følgja opp nasjonale føringar om 5% testing. Dette utfordrar både kommunane og laboratoriet. Problemstillinga er meldt til Fylkesmannen og departementet.</p> <p>Etter at det i en periode har vore møter i koordineringsgruppa annan kvar veke, vil det no bli møte i gruppa kvar veke. Det er etablert underutval under koordineringsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– <i>Underutval personell</i>; har ikkje hatt møter i sommarmånadene, men har starta opp att med møter kvar veke. Alle representantar vert oppmoda om å delta i dei oppsette møta. Dette for å ha ein oversikt over bemanningsstatus hos alle partar.</li> <li>– <i>Underutval forsyning</i>; samarbeid om fordeling av smittevernustyr som er fordelt gjennom nasjonale ordningar. Denne gruppa har hatt møter ein gang kvar veke i heile perioden.</li> <li>– <i>Underutval pasientflyt</i>; har ikkje hatt behov for møter etter juni.</li> <li>– Det har komme forslag om å etablere eit underutval for smittevern. Dette må vurderast opp mot smittevernoverlegane sin kapasitet.</li> </ul>

	<p>– Fastlegar i Bergen har organisert seg i ei eiga pandemigruppe som koordineringsgruppa har kontakt med.</p> <p>Randi Luise Møgster ber om innspel til om koordineringsgruppa i sin noverande form har støtte i SU NH til å vidareføre sitt arbeid.</p> <p>Det vart peika på at ordninga med å teste pasientar før utskrivning frå sjukehus til sjukeheim/omsorgsbustad er god.</p> <p>Vedlagt til saka: oversikt over samarbeidsstrukturen etablert for covid-19-pandemien.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa, og støttar det viktige og gode arbeidet som koordineringsgruppa gjer.</p>
32/20	<p><b>Handlingsplan 2020 – status for tiltaka</b></p> <p>SSE presenterte status for oppfølging av prioriterte tiltak i Handlingsplan 2020.</p> <p>På grunna av pandemisituasjonen (covid-19) er arbeidet med fleire av tiltaka forseinka. Etter ferien er arbeidet tatt opp igjen på dei aller fleste sakene.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland hadde ingen merknader til gjennomgangen og tar statusmeldinga for tiltaka i Handlingsplan 2020 til orientering.</p>
33/20	<p><b>Handlingsplan 2020 - Årleg gjennomgang av avtaleverk – endring av avtaler grunna kommunesamanslåing</b></p> <p>Saka gjeld oppfølging av punkt 1.7 i Handlingsplan 2020: Årleg gjennomgang av avtaleverket.</p> <p>Samanslåing av kommunar og endring av kommunenamn har medført behov for å gjere redaksjonelle endringar i avtaleverket. Dette gjer at avtalar må signerast på nytt.</p> <p>Dette gjeld Overordna samarbeidsavtale, tenesteavtale 1,2,3 og 5 (somatikk og psykisk helse og rus) 4,6, 7 og 9, samt tilhøyrande særavtalar.</p> <p>Avtalane er endra med nye kommunenamn og er tilpassa for signering. SSE orienterer at avtalene blir sendt ut til signering til alle samarbeidspartar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland hadde ingen merknader til saka og tar den til orientering.</p>
34/20	<p><b>Handlingsplan 2020, Tiltak 1.1 Pandemisk influensa - planlegge gjennomføre og evaluere fellesøving om samarbeid</b></p> <p>Saksgrunnlag med framlegg til prosess for planlegging av ei <u>undervegs-evaluering</u> av korleis <u>Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa</u> og koordineringsgruppa har fungert i den pandemiske situasjonen var lagt ved i sakslista.</p> <p><b>Innspel frå utvalet:</b> Utvalet ber om at det vert planlagt for ei undervegs-evaluering som ikkje krev mykje meirarbeid eller er tid og ressurskrevjande for partane, og at det vert valt ein metodikk for evalueringa, som kan gjenbrukas når tilsvarande undervegs-evalueringar skal gjennomførast på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Det kom innspel til bruk av metode t.d. fokusgruppeintervju og enkle vurderingar som vert gjennomført så praktisk og nært som mogleg. Viktig å ha med Fylkesmannen i evalueringprosessen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag om at det hausten 2020 vert planlagt for ei undervegs-evaluering slik det er skissert i tilrådinga frå SSE, og at innspel til metode og bruk av ressursar vert tatt med i planlegginga.</p>

<p>35/20</p>	<p><b>Digitalisering av Helse i Vest</b></p> <p>Presentasjon v/Anne Bjørlykke, virksomhetsarkitekt i Helse Vest IKT orienterte om prosjekt <i>Digitalisering av Helse i Vest</i>.</p> <p>Prosjektet vert gjennomført i regi av Helse Vest IKT og KS. Prosjektet har eit 5 - årig perspektiv; frå 2020 til 2025. Det er identifisert to tiltaksområder:</p> <p>Tiltaksområde 1. <i>Mer av det vi gjør i dag.</i></p> <p>Tiltaksområde 2. <i>Nye samhandlingstiltak.</i></p> <p>For kommande prosjektfase er planarbeid knytt til følgjande overskrifter føreslått:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Meldingsutveksling/dokumentutveksling</li> <li>– Dokumentdeling</li> <li>– Datadeling</li> <li>– Direkte tilgang, samhandling i felles kjernesystem</li> </ul> <p>For meir detaljert informasjon, sjå vedlagte PP-presentasjon.</p> <p><b>Innspel frå utvalet:</b></p> <p>Utvalet takkar for ein god presentasjon av eit viktig og nokså ambisiøst prosjekt.</p> <p>Det vart etterlyst en milepælsplan for vidare arbeid med prosjektet. Det er viktig for kommunane å få informasjon om dette prosjektet.</p> <p>Prosjektleiari peika på at det er viktig at representantane i SU bidrar til å formidle informasjon ut til kommunane og til å samle inn innspel frå kommunane og melde dette tilbake til prosjektet. Prosjektet ønsker å fange opp behova til kommunane.</p> <p>Det vart stilt spørsmål om KS har tatt ein aktiv rolle når det gjeld informasjon om prosjektet til kommunane. Prosjektleiari skal sjekke om leiinga i kommunane informert om dette prosjektet frå KS.</p> <p>Det er foreslått at AK-møte er en referansegruppe i prosjektet.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for presentasjonen og tar den til orientering.</p>
<p>36/20</p>	<p><b>Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling</b></p> <p><b>Saka er delt i tre delar:</b></p> <p>1. Prosjektleiari Odd Ivar Øvregård orienterte om status for prosjektet.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar status for prosjektet til orientering.</p> <p><b>2. Innspel og drøfting av tema i felles utviklingsplan.</b></p> <p>I orienteringa vart det retta fokus på satsingsområda som partane i fellesskap har identifisert , og som det er semje om at det skal rettast fokus på i planarbeidet. Vidare vart det vist til overordna føringar som legg rammer for arbeidet med etablering av <i>Helsefellesskap</i>, og at dette skal takast inn som eit del av arbeidet med Felles utviklingsplan.</p> <p>Prosjektleiari peika på tema og problemstillingar som vert sentrale i det vidare arbeidet, og retta særleg fokus på styringsmodellar og at det er store ulikheiter mellom kommunar og sjukehusa knytt til styrings- og finansieringsmodellar, samt ulike planprosessar og planmål. Det vil vera av stor verdi for alle partar å planleggja i fellesskap, då særskilt sett frå eit brukarperspektiv.</p> <p><b>3. Samansetting av arbeidsgrupper I «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling.»</b></p> <p>Tidshorisonten for prosjektarbeidet er kort og det er behov for å etablere 3 arbeidsgrupper relativt raskt.</p> <p><b>Arbeidsgruppe 1; strategisk leiarnivå</b></p> <p>a. «Organisering av, og rolle og funksjon til, toppleiarmøtet»</p>

	<p>b. Deltakarar: gjerne ordførar, rådmann</p> <p>c. 3-4 møter fram til medio desember</p> <p><b>Arbeidsgruppe 2; strategisk nivå</b></p> <p>d. «Organisering av, og rolle, mynde og funksjon til, SU»</p> <p>e. Deltakarar: gjerne kommunalsjef innan helse og omsorg</p> <p>f. 4-5 møter fram til medio desember</p> <p><b>Arbeidsgruppe 3; driftsnivået</b></p> <p>g. «Organisering / oppdeling av, og rolle og funksjon til, fagleg samarbeid.»</p> <p>h. Deltakarar: fagpersonar som sit i underutvala</p> <p>i. 4-5 møter, men framleis litt usikkert</p> <p><b>Drøfting og innspel:</b></p> <p>Utvalet drøfta vidare organisering av arbeidet, og stilte spørsmål ved om det er behov for å ha så mange grupper i det vidare arbeidet. Prosjektlear peika på at dette er ein modell som er utarbeidd i samråd med styringsgruppa for prosjektet, og at etablering av dei tre arbeidsgruppene er eit viktig ledd i å sikre involvering og forankring hos partane på ulike nivå. Med utgangspunkt at dette er eit felles prosjekt, der alle partar må stå saman om utviklingsarbeidet sluttar utvalet seg til føreslått modell, med etablering av tre arbeidsgrupper, og melder namn og kontakinformasjon til Anne Hildegunn Færøy som sender dette samla til prosjektlear.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar status for prosjektet til orientering.</p> <p>Samarbeidsutvalet har drøfta modell for samansetting av arbeidsgrupper og sluttar seg til fordelinga som er lagt til grunn.</p> <p>Samarbeidsutvalets partar melder tilbake kven som skal representere kommunane i SU Nordhordland i dei tre arbeidsgruppene innan 23.09.</p>
37/20	<p><b>Utlysing av tilskot til sekretariatsfunksjon for kommunane i helsefellesskapa</b></p> <p><u>Vedlegg til saka:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Saksgrunnlag med forslag til utarbeiding av felles søknad om midlar til sekretariatsfunksjon for kommunane i helsefellesskapa.</li> <li>– Tilskotsregelverk for sekretariatsfunksjon for kommunane i helsefellesskap</li> </ul> <p>Målet med tilskotsordninga er å bidra til at Helsefellesskapa skal lykkast med å utvikle og planlegge berekraftige og samanhengande helse – og omsorgstenester.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til SSE si tilråding om at det vert sett ned ei hurtigarbeidande gruppe som får i oppdrag å utarbeide ein søknad, og at denne vert lagt fram til handsaming i SU i desember.</p> <p>Utvalet ber SSE konstituere gruppa.</p> <p>Anne Hildegunn Færøy er utpeika som representant for kommunane i SU NH i dette arbeidet.</p>
38/20	<p><b>Orientering frå partane:</b></p> <p><b>Helse Bergen</b> informerte om praksisplassar for masterstudentar innan klinisk ernæring. Praksistida for studentane er auka og det er set krav til at ein del av praksistida skal vere i kommunal helse- og omsorgsteneste.</p> <p>Det vart stilt spørsmål om det er særskilt krav til kompetanse hos dei som skal følgje opp studentane i kommunen. HB svarar at det ikkje er krav om at kommunane skal stille med ernæringsfysiolog, men at student kan bli fulgt opp av fagsjukepleiar eller tilsvarande.</p> <p>Andre spørsmål og innspel til ordninga kan meldast til Grete-Lill Hjartnes, Helse Bergen v/seksjon for samhandling. (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>SU NH takkar for orienteringa</p>

39/20	<p><b>Toppleiarmøte 2021</b></p> <p>Kommunane i Voss lokalsjukehusområde har teke på seg å vera arrangør for Toppleiarmøtet januar 2021, og dato for møte er sett til 28.januar 2021.</p> <p>Det vart i møte informert om at det pga pandemisituasjonen har komme forslag om å utsetja Toppleiarmøte til våren 2021.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>SU NH ber om at ein held på den fastsette datoen for møte, og ber om at dette vert meldt tilbake til programkomiteen for endeleg vedtak.</p>
40/20	<p><b>Samarbeid om ernæringsbehandling mellom kommune og sjukehus – muligheter og utfordringar.</b></p> <p>Elena Sandgathe, rådgjevar ved Haraldsplass Diakonale Sykehus orienterte om at det er starta eit arbeid med å systematisk registrere kontakt og samhandling mellom sjukehuset og kommunane i NH regionen knytt til <b>ernæringsbehandling.</b></p> <p>Kartlegginga viser at det er eit stort behov for å samarbeide, og at det er et stort forbettringspotensiale ved å arbeide systematisk med oppfølging av pasientane sin ernæringsstatus. Antall konsultasjonar med behov for samarbeid rundt ernæringsoppfølging i sjukehus og i kommunar er aukande.</p> <p>Presentasjon vist i møte er lagt ved referatet.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>SU NH takker for gjennomgangen og tar saka til orientering.</p>
41/20	<p><b>Digital medarbeidar til fordeling av elektroniske meldingar i kommunen.</b></p> <p>Nordis Holmås, rådgjevar og prosjektleiar i Alver kommune orienterte om innføring og bruk av digital medarbeidar til fordelinga av elektroniske meldingar frå sjukehus til kommunen.</p> <p>Det er eit mål at <i>Den digitale medarbeidaren</i>(roboten) skal frigjere personell frå eit manuelt repeterande arbeid til ei digital fordeling av elektroniske meldingar i EPJ.</p> <p>PP vist i møte er lagt ved referatet</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsutvalet takkar for orienteringa.</p>
42/20	<p><b>Referat frå underutvala:</b></p> <p>Referat frå møte i Medisinsk fagleg utval(MFU) 17.06.2020 var sendt ut saman med sakslista.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Utvalet hadde ingen merknader til referatet.</p>
43/20	<p><b>Eventuelt:</b></p> <p>1. <u>Nasjonalt legemiddellager</u></p> <p>Det er ei forkant av møte sendt ut eit kort saksnotat om oppdraget til <b>Prosjektgruppe nasjonalt legemiddellager.</b> Gruppa har fått i oppdrag å utgreia behov og innretning av eit permanent beredskapslager av legemidlar, og skal levera ein rapport til Helsedirektoratet innan 15.11.2020.</p> <p>Tord Moltumyr som sitt i den nasjonale prosjektgruppa ønsker innspel til dette arbeidet frå SU, primært fra kommunemedlemene. Innspel kan sendast til Tord pr. e-post.</p> <p>2. <u>Pasientreiser - manglande avtaledekning i delar av distriktet.</u></p> <p>Helse Bergen ved avd. for Pasientreiser har sendt informasjon til kommunane med melding om at det frå midten av oktober manglar avtalar med drosjenæringa for nokre av kommunane i opptaksområdet.</p> <p>Konsekvensar av manglande avtale er at pasientar som bur i dei aktuelle kommunane må sjølv legge ut for</p>

	<p>kostnader med reiser til og frå helsebehandling. Noko som vil vere ei stor belastning for pasientane, og som i ytterste konsekvens kan gå ut over pasientbehandlinga.</p> <p>Det vart frå HB opplyst at avd. for Pasientreiser har hatt møte med ordførarane i dei aktuelle kommunane, og skal ha nytt møte 25.09.20. Dette for å orientere om situasjonen. Det vert arbeidd med å finna ei løysing og for å få på drosjeavtale for alle kommunane.</p> <p>Utvalsleiar presiserte at det er Helse Bergen sitt ansvar å sørge før pasienttransport. Kommunane krev ei løysing som ikkje inneber praktiske problem for innbyggjarar som treng transport til og frå behandlingsstadene.</p>
--	---